



Vidar Myhr
Ikeland 98
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1440 - 18/17893

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
06.06.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 169/5 Eikeland nordre

Tiltak: tilleggsareal
Byggjestad: Gbnr: 169/5
Tiltakshavar: Vidar Myhr
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.05.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje klart fram av innsendte situasjonskart kva areal som skal overførast. Vi ber om at det vert ettersendt nytt kart som viser omrissa av areala. Kartet må også vere målsatt.
2. Eigedom gbnr 169/15 er registrert som ei bustadeigedom. Det er søkt om arealoverføring i frå ein landbrukseigedom. Omsøkte areal er difor i strid med føremålet og det krevs dispensasjon i frå kommuneplanens arealdel. Vi gjer merksam på at søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søkjar dispensasjon i frå (LNF-føremålet). Vidare er det krav til at søknad er grunngeve og nabovarsla.
3. Arealet i søknad ligg tett opp til tilkomstveg for gbnr 169/12. Sjølv om denne tomta ikkje direkte grensar opp til det omsøkte arealet *kan* denne eigedomen ha brukarinteressar og er vurdert som ei gjenbuar som skal nabovarslast. Vi ber difor om at eigedom gbnr 169/12 også nabovarslast og vi gjer merksam på at det i nabovarselet skal gå fram at dette også gjeld for søknad om dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.07.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vidar Myhr

Ikeland 98

5912

SEIM